

Folk trudde ikkje at jorda var flat

Ofte blir det sagt at folk i gamle dagar trudde at jorda var flat. Det er ikkje rett. Alt dei gamle grekarane visste at jorda var rund. Dei var gode sjøfolk, og dei la merke til at det var mastetoppen ein såg fyrst når eit skip dukka opp i horisonten, noko som måtte bety at jorda var rund. Lenge trudde historikarane at

dette var kunnskap som hadde gått tapt i mellomalderen, men no trur vitskapsfolka at i alle fall dei lærde visste at jorda var rund. For eksempel skreiv den britiske munken Beda omkring år 700 at jorda var rund, og i ei lærebok frå slutten av 1100-talet står det også at jorda er rund. Men kor mange vanlege folk

som trudde at jorda var flat, er det sjølvstundt uråd å vite. På Columbus si tid diskuterte dei ikkje om jorda var flat eller rund, men kor stor jorda var. Og sjøfolka var neppe redde for å segle utfor kanten, for nettopp sjøfolk visste best at jorda var rund.